



Kort fortalt frå bøker for beibiar

Stord kommune i Hordaland har einaste festivalen i landet for nynorske barnebøker - Falturiltu. Med til festivalen høyrer arrangementet Bok og beibi. Dette er døra Falturiltu brukar for å opna bokgleda til små born, og for å informera foreldre om nye, gode nynorskbøker for dei minste.

TEKST OG BILETE: OLAV BJØRKUM

Erle Stokke og Ragnar Hovland gjev borna føde både for auga og øyra. Bilete er like viktige som ord for små born.



Ragnar Hovland til hægje og Erle Stokke finn fram bøker som højer for småttingar. Forventningane hjå publikum er på brestepunktet.

Fleire mødrer, ein fader og mange små – ned til krabbestadiet – gjorde arenaen passe vellyft og lydlyft. Midt i krinsen av lytteklare born sat ein av dei store forfattarane på Vestlandet, Ragnar Hovland, klar til å lesa om sauene Bø og Bæ. Boka er skriven og illustrert av svenskane Lena og Olof Landström, omsett til nynorsk av Hovland.

Favorittar

Bø og Bæ er vortne populære blant dei minste. Dei to sauene bur i hus, har kjøken, bad og køyesenger, og denne gongen bergar dei ein katt ned frå eit tre. Det krev mykje fantasi og fleire tekniske løysingar. Problematikken, om ein skal kunna bruka eit slikt ord om ei barnebok, får hjermevningane til å spinna litt ekstra hjå målgruppa. Dei som har forlate krabbestadiet, sit musestille for å finna ut korleis sauene skal få ned ein katt som ikkje er særleg samarbeidsvillig.

Hovland les og viser teikningane samstundes.

Det er fort gjort, så Bok og beibi plussar på med Erle Stokke i Blåmann barnebokklubb. Det er like fort gjort. Stokke har med seg bøker med endå færre ord, for dei som er endå mindre. Også her er det ein av favorittane til mange born som vert presentert; *Veslefant*. Anten går han tur i regnet, eller han er i bursdagsselskap. Men han får ikkje sugerøyr som dei andre, det vert berre dobbelt opp.

Livlig

Dette er ein kort seanse.

– Det må vera kort når publikumet er så ungt, seier Ragnar Hovland.

– *Stressande med lydnivået?* spør me, medan ein liten tass herjar med bankebrettet.

– Det er slikt me må rekna med. Likevel er det alltid nokon av dei små som sit med auge og øyre på stilk. Eg trur nok bokinteressa kan verta vekt på slike arrangement, men stort sett er det dei

som er interesserte frå før, som kjem, seier han.

Hovland har brukt å lesa for litt større born, men har nesten slutta med det. Det er slitsamt med lange reiser, problem med å finna skulen, eller klasserommet, og ein barneflokk som syner middels interesse. Men han har også lese i ein barnehage der borna sat som tende lys. Det var i Tromsø, så det vart dyre ord.

I utvikling

Hege Myklebust i Falturiltu seier at Bok og beibi stadig vil vera i støypeskeia med tanke på oppnå eit best mogleg arrangement.

– Me sette i gang Bok og beibi av di me trur det er mogleg å lesa for born frå dei er ganske små. Born ned i eittårsalderen viser tydeleg teikn på at dei prøver å fanga opp det som er på boksidene. Me tenkte også at arrangementet kan vera eit kjærkome høve for heimeverande foreldre til å koma seg ut. Delar av publikum, slik det var i år, er tydeleg meir opptekne av vanlege leiker

DIKT I INNBOKSEN

Eit trist dikt er overskrifta for barn på E-diktet denne veka. Diktet kjem rett i innboksen til alle som abonnerer på det, og det er det faktisk 3000 stykke som gjer, fortel bibliotekksulent Mona Ekelend i Østfold fylkesbibliotek.

TOYNI TOBEKK

Den digitale dikt-tenesta har eksistert i tre år, og skular og barnehagar har abonnert trufast i desse åra. – E-diktet for barn rettar seg først og fremst mot barn mellom 3 og 7-8 år, fortel Ekelund. Dikta som blir sende ut på e-post ein gong i veka blir òg publisert på nettstaden e-diktet.no, så kven som helst kan få dei med seg der. Arkivet viser at Terje Torkildsen, forfattaren av *Eit trist dikt*, ikkje er åleine om å vere representert. Her finn vi namn som Gro Dahle, Marit Kaldhol, Sylvelin Vatle og Arne Garvang. E-diktet legg vekt på å presentere dikt frå etablerte forfattarar og må kjøpe dikta for å få bruke dei. Midlar til å drive får dei av kulturrådet og nasjonalbiblioteket. Det er fylkesbiblioteka i Østfold, Vestfold og Buskerud som samarbeider om E-diktet, og nytt av

året er ei tilsvarande teneste for vaksne.

Plass til fleire

– Vi har no 2000 abonnentar av vaksendikt i tillegg til barnedikta, og vi har dessutan 2 900 følgjarar på Facebook. Vi veit at det er folk frå heile landet som abonnerer hjå oss, seier Ekelund

For å kunne utvide tilbodet ytterlegare vurderer dei no å innføre e-diktet på nye arenaer. Å få utvikla ein applikasjon for telefonar står øvst på ønskelista, men samstundes er det andre ønske som òg rangerer høgt:

– Vi har mange abonnentar, men vil gjerne ha fleire. Nettet set ingen grenser for kor mange abonnentar vi kan ha, så det er berre å fylle opp, seier Mona Ekelund.

enn av bøker. Slikt er ein del av pakken, seier Myklebust.

– *Er det ei utfordring at det berre er dei som er interesserte frå før som finn vegen til Bok og beibi?*

– Det vil alltid vera slik at folk oppsøker det som interesserer dei mest, og det er heilt i orden. Falturiltu vil halda fram med tiltaket, og Bok og beibi er, som dei andre programpostane, under vedvarande kvalitetsvurdering, seier Myklebust.

Bø og Bæ

Det er gitt ut til saman sju bøker om dei to sauene Bø og Bæ. I kvar bok har dei ei lita utfordring dei må løyse; å ta husvasken, pakke inn ei gåve eller å redde ein katt ned frå eit tre. Dei finn alltid råd, sjølvsagt.

I desse bøkene er det eit herleg samspel mellom tekst og bilete, og ein kan ikkje bli anna enn imponert over kor mykje glede, redsle, frustrasjon og fryd som kan kome til syne i to strekteikna sauekroppar.

Bøkene om Bø og Bæ er laga av svenskane Lena og Olof Landström og omsette til norsk av Ragnar Hovland. Hjå Nynorsksenteret finn du ei grundig innføring i korleis du kan bruke desse bøkene i barnehagen din: <http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13496>.



E-diktet finn du på:
www.e-diktet.no



ÅRSTIDENE

Av : Blexbolex (Bernard Granger)
Magikon Forlag

Dette er ei ekte opplevingsbok som ein gjerne berre kan bla i, men som òg blir grunnlaget for mange gode samtalar mellom vaksen og barn. Me fylgjer her årstidene og ord og omgrep som høyrer årstida til. Og barna kan med utgangspunkt i teikningane undre seg over kvifor ein gret når ein er allergisk, og kva som kan skje i eit vindkast.

Bileta og orda kommuniserer godt saman og inviterer til dialog og spanande samtalar om kva orda eigentleg betyr. Me møter ein sommarfugl, søppel, eit basseng og eit fyrverkeri, for å nemne nokre av omgrepa. Boka prøver med dette å gi eit bilete av menneska sitt forhold til årstidene, om vêret, tid, natur og omgjevnadene. Ikkje minst er det lagt vekt på at mykje av det som skjer rundt oss, er i stadig endring og utvikling.

Dei enkle, men fargerike teikningane formidlar mykje undring og gir både vaksne og barn mange høve til å stoppe litt opp. *Årstidene* er ein oppfølgjar til *Bilder av folk* som i 2009 blei kåra til Verdas vakraste bok.

Judith Sørhus Litlehamar

BOKMELDING



www.pirion.no

PIT PARION

EIT SKATTKAMMER

Eg har eit hefte som er anonymt å sjå til, men med eit særst verdifullt innhald. Dette vesle heftet i A4-format vernar eg godt om, men eg har delt ut mange kopiar gjennom åra for å dele med barn og vaksne i barnehagar og skolar. I tillegg har det vesle heftet vore nyttig i arbeid med teatergrupper eg har hatt ansvar for.

For denne skatten vert ikkje mindre jo meir eg deler, snarare det motsette.



TORILL SPERRE ER:
Førskulelærer/fagleg rettleiar og kulturarbeidar.

Skatten eg skriv om, er eit hefte som heiter *Rim og regler frå Ringebu*. Eg må vedgå at eg ikkje hugsar eksakt årstal, men tidleg på 1980-talet var det at ei 9. klasse ved Ringebu ungdomsskole som under leiing av norsklæraren sin, Aslaug Graff Høye, gjorde seg ferdig med å samle inn rim, regler, leikar, båndullar, segn og gåter frå bygda si.

Desse ungdomane, som for lengst er vaksne og kanskje har eigne barn, gjekk til kjelder i nærmiljøet sitt, til foreldre, naboar, besteforeldre og fleire og sanka kulturelle skattar. Og resultatet vart ei gåve til barnehagen i bygda.

Dette viktige kulturarbeidet dreiar seg om den lokale kulturen, men også den nasjonale. Det handlar om den munnlege forteljinga og overlevering av kultur frå generasjon til generasjon. Dette kulturarbeidet må nokon gjere, og nokon må setje den munnlege forteljartradisjonen ned på papir.

Kva tydar så desse rima og reglene for barn av 2010? For det fyrste kan eg raskt slå fast at rim og regler ofte kan dukke opp i fleire delar av landet, men i ymse variantar. Fleire kan òg sporast til andre europeiske land, ja, jamvel til andre delar av verda.

Innhaldet i heftet som utgjer ein viktig del av skattkammeret mitt, er tufta på folkeleg visdom og tradisjonar. Kulturarbeidet til 9-klassingane på 1980-talet har vore inspirasjonskjelde og opphav til kulturarbeid saman med tallause barn og vaksne i barnehagar og skolar.

Denne delen av kulturarven dreiar seg om livsvisdom, humor, kvardag og leik for små og store.

Fleire av reglene frå heftet *Rim og regler i Ringebu* kan ein også kjenne att som songar, og nokre er no i bruk i eit musikkprosjekt mellom ein lokal barnehage og elevar frå musikklinja ved ein nærliggjande vidaregåande skule.

Innsamlinga av rim og regler med meir frå Ringebu kan dessutan sjåast i eit barnekulturelt perspektiv, då ein god del av det innsamla materialet er prega av den kulturen barn skaper seg i mellom.

Min kulturskatt, i form av eit hefte på 23 sider, lever snart sitt eige liv. Rim, regler og båndullar dukkar opp att der ein minst skulle tru. Frå skattkammer skal ein dele, og få rikeleg attende.

Eg vil rette ein stor takk til dei som den gongen var viktige kulturarbeidarar og kulturberarar, kan hende utan å vere klare over det sjølve.

SAMLAR NORDEN OM BØKER

7. til 9. februar arrangerer Rogaland fylkeskommune Maktens pluttifikasjon – den nordiske barne- og ungdomslitteraturkonferansen. I år skal konferansen handle om makt, klasseskilje og ny brytningstid, fortel prosjektleiar og kunstnarisk leiar Ine Marit Torsvik Bertelsen. – Aldri har mangfaldet innanfor barnelitteraturen vore større. Og utviklinga peikar i alle retningar, seier ho.

Konferansen har vore arrangert annakvart år sidan 1993 og er Nordens største arrangement om litteraturen og lesinga til barn og unge. På konferansen dette året får du mellom anna sjå korleis Lesesenteret ved UIS testar ut barnebøker i ein av senteret sine testbarnehagar.

Pirion kjem òg til å vere på konferansen – kanskje treffest vi der! Du kan i tillegg lese e-intervju med Ine Marit Torsvik Bertelsen på www.pirion.no.

Du kan lese meir om Maktens pluttifikasjon på bloggen: <http://maktenspluttifikasjon.wordpress.com>

Ole Brum,
Ola Tveiten eller Barbie,
kor hentar barna
opplevingar frå?

Pirion -kurs Les meir på www.pirion.no

Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no